



Arkivsaknr: 2023/3325-2
Sakshandsamar: Kjell Anders Reigstad
Avdeling: Plan, landbruk og teknisk

SAKSFRAMLEGG

Godkjenning av planprogram for reguleringsplan for Skipavika Næringspark gbnr. 79/47, 79/53, 79/54, 79/1, 79/33 og 79/36, Sande

Utvalssak	Utval	Møtedato
5/24	Hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK)	

Bakgrunn for saka

Godkjenning av planprogram for reguleringsplan for Skipavika Næringspark gbnr. 79/47, 79/53, 79/54, 79/1, 79/33 og 79/36, Sande

Skipavika Næringspark AS har sett i gang arbeid med å endre gjeldande detaljreguleringsplan for Skipavika næringspark, plan-ID 4635 -12005. I denne saka skal Hovedutval for Plan, landbruk og klima vedta planprogrammet for Skipavika næringspark, som skal ligge til grunn for utarbeidinga av reguleringsplanen.

Det skal leggest til rette for produksjon av grøn ammoniakk med tilhøyrande infrastruktur og faresoner/omsynssoner rundt anlegget. Planområdet for ammoniakkanlegget er regulert til næringsføremål og vegetasjonsskjerm i gjeldande reguleringsplan. Anlegget inneber produksjon av farleg stoff og kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn.

Planendringa er derfor utgreiingspliktig etter forskrift om konsekvensutredning § 6 bokstav b, vedlegg I pkt. 6, b). For planar som er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing, jf. plan- og bygningsloven § 4–2 andre ledd, skal det utarbeidast eit planprogram.

Planprogrammet skal leggje grunnlag for vidare planarbeid ved å avgrense planoppgåva, skildre bakgrunn og føremål for planarbeidet, klargjere konsekvensar og problemstillingar, avklare utgreiingsbehov, sikre tidleg medverknad og politisk forankring og fastsette rammer og føringar for planarbeidet. Planprogrammet skildrar og viktige omsyn og problemstillingar, og korleis viktige tema vil takast omsyn til i vidare planarbeid.

Forslagsstillar har utarbeidd forslag til planprogram som vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn samtidig med varsling av planoppstart, den 30.06.2023. Frist for å koma med innspel til planprogrammet vart sett til 27.08.2023. Det kom til saman 16 merknadar, derav 9 utalar frå offentlege instansar. Det var ingen regionale eller statlege myndigheit som på

grunnlag av forslag til planprogrammet varsla motsegn til planendringa. Merknadane og uttalane er vurdert og innarbeidd i planprogrammet, der det har vore relevant. Forslagsstillar sine kommentarar ligg ved. Der kommunen har kommentarar til dei innkomne innspela utover forslagsstillar sine kommentarar, vert desse kommentert i saksvurderinga nedanfor.

Planarbeidet skal vidare avklare omfang på omsynssoner rundt ammoniakkanlegget samt ei hensiktsmessig omdisponering av arealbruk i næring- og industriområde. Intensjonen i gjeldande plan om å etablere ei maritim klynge vert vidareført. Nordleg del av planområdet er foreslått utvida mot Brandangersundet og vest for etablert veg, sjå figur 1 for forslag til planområde.



Figur 1: Forslag til planområde.

Forslag til planområdet er 1 843 874 m² og har per i dag tilkomst frå Sandevegen, Fylkesveg 5582. Planområdet omfattar gnr. 79, bnr. 47, 53, 54 samt delar av bnr. 1, 33, 36, 52 og ein mindre del av bnr. 11. Det er ikkje planlagt nye tiltak eller ny arealbruk på eigedomane vest

for gjeldande plan sitt planområde (plan-ID 2012005). Planområdet vil kunne justerast/reduserast fram mot 1. gongs behandling.

Samandrag av innkomne merknader innan merknadsfrist 27.08.2023:

Irmelin Gripsgård og Kristoffer Elvebakke, gnr./bnr. 79/2 og 79/4, 27.08.2023

Merknadsstillar er uroa for risikonivå med tanke på gassutslepp og eksplosjon, og at planlagt tiltak vil øydelegge merknadsstillar sitt livsgrunnlag med jordbruk, bu og oppvekstvilkår.

Arve Jørgen Osland gnr./bnr. 79/33, 27.08.2023

a) Merknadsstillar syner til at eigedomen vil ligge i inste faresone, som vil medføre strenge restriksjonar på bruk. Foreslår å flytte anlegget lenger nord slik at eigedomen kan disponerast etter eige ynskje i framtida, og ber om garanti for dette. Planen må garantere at eigedomen kan disponerast slik heimelshavar ynskjer, utan restriksjonar.

b) Ynskjer at bnr. 33 skal ha LNF-formål, eller eventuelt kombinert LNF/næring og ikkje deponi. Massar frå anleggsdrifta på bnr. 33 må planerast ut og ryddast slik at eigedomen kan tas i bruk til landbruksføremål jf. privat avtale. Viser til at det manglar gjerde mot aust etter opphavleg grense.

c) Tilkomst til småbåthamna i Skipavika må sikrast.

d) Oppmodar om folkemøte.

e) Bekymra for lekkasjar, for støy (pga. kompressorstasjonar) og nedfall frå stoff som kan påverke drikkevasskjelda til Sandebygda. Brannvernet må oppgraderast og sikrast. Etterlyser meir informasjon om kva for vesentlege verknader for miljø og samfunn det er snakk om. Korleis er fakkeltårnet på 60 meter i forhold til plattformer etc? Vert den synleg for fastbuande på Sande?

f) Planprogrammet må supplerast med at det finns aure i Kudalsvatnet/Storevatnet.

Ragnhild Osland og Jostein Berg, gnr./bnr. 79/34, 27.08.2023

Sterkt kritisk til planlagt verksemd i Skipavika med tanke på at dette er eit høgrisikoanlegg så nær bustader. Stiller spørsmål til om beredskapen er god nok ved ei eventuell ulykke.

Viser til at planlagt tiltak vil forringe livskvaliteten til innbyggjarane i nærleiken og skade omgjevnadane/naturen i området, i tillegg til eksisterande verksemder. Stiller spørsmål til om det er meininga at det ikkje skal bu folk på Sande eller i området.

Bjørn Fagerbakke, gnr./bnr. 79/1 og 79/11, 27.08.2023

Merknadsstillar har dyr på beite i delar av varsla planområde, og er negativ til planar som råkar privat eigedom då det hemmar nye generasjonar i å utvikle eigendomen og i å

etablere seg på Sande. Er ikkje interessert i at eigedomen skal få restriksjonar på bruk, heller ikkje som vegetasjonsskjerm. Er bekymra for barn og elles trafikk som skal gå igjennom området, og for at tiltaket skal medføre fråflytting. Viser til at ein bør sjå etter ein annan lokasjon, langt frå folk.

Brage Fagerbakke gnr./bnr. 79/ 49, 27.08.2023

a) Merknadsstillar er i mot at det skal byggast eit høgeksplisvt ammoniakkanlegg som næraste nabo i Skipavika næringspark. Meiner at informasjonen til naboane er dårleg og for lite detaljert med omsyn til kva for konsekvensar anlegget vil ha for framtida til folk. Meiner at tiltaket vil øydelegge interessa for Sande som bustadområde samt det nye bustadfelt.

b) Stiller spørsmål til om det vert trygt å ferdast på vegen og om det her vil vere «trygg skuleveg».

c) Viser til at ein større del av eigedomen er i fareområdet rundt anlegget, som vil gje restriksjonar på all arealbruk frå matproduksjon til overnatting. Viser vidare til at tiltaket vil utgjere stor fare for drikkevasskjelda til Sande samt også Ånneland si vasskjelde samt at det er nok luftureining med Sløvåg og Mongstad. Merknadsstillar er kritisk til utviding av planområdet i nord, og til inhabilitet i kommunen.

d) Viser til at det er gjort ulovlege inngrep i naturen, og at gjennomført tiltak ikkje er utført etter reguleringsplanen, samt at det ikkje er halde ord rundt private avtalar. Viser til at det er mykje støy i Skipavika Næringspark per i dag, også på natt. Viser til at det er mykje støy frå Skipavik, og at det snart ikkje går ann å bu her lengre.

Bente G. Nordanger, 15.09.2023

Vegen rundt Sande og til Ånneland bør opprustast for å kunne fungere som omkøyringsveg, når "nye vegen" blir stengt (i tilfelle ammoniakkk ulykke). Vegen som den er nå, som blir dårlegare og dårlegare, vil ikkje vere køyrbar med låge bilar om få år. Brøyting er også vanskeleg grunna djupe spor i vegbana.

For å gjøre oss i bygda litt tryggare, vil varsling med lyd vere ryggande. På Mongstad er det eit slikt varslingsystem, og dei har øving med sirenene jamleg.

Viking Aqua, 08.09.2023

Viking Aqua viser til at vegetasjonsskjerm og byggegrense på deira eigedom må omregulerast til industri, at grad av utnytting må justerast slik at det passar med VA sitt behov og at delområda også må tilpassast ny eigedomsstruktur. Vidare at tilkomstveg i nord over demning må teiknast inn slik at plassering høve VA si tomt vert synleggjort.

Museum Vest, 01.08.2023

Museet har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Dersom kulturminne på

sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda kan ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil vere i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Kystverket, 08.08.2023

Kystverket viser til at dei har rett og plikt til å delta i planlegginga, etter pbl § 3-2 og at etablering av produksjonsanlegget fører til at planområdet og omsynssona kjem ut i bileia «Fensfjorden-Sløvåg».

Konsekvens av tiltaket må vurderast opp mot sjøtransport og allmenn ferdsle på sjøen.

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap, 24.08.2023

1. Dersom vurdert nødvendig, basert på underliggande risikovurdering, skal det opprettast arealmessige avgrensingar jf. forskrift om handtering av farleg stoff § 16 gjennom fastsetting av omsynssoner etter plan- og bygningslova.
2. Ved bruk av DSB sine akseptkriterium for risiko til utarbeiding av eventuelle omsynssoner rundt anlegget føreset dette at risikovurderinga er i tråd med DSB sine retningslinjer.
3. Behovet for eventuelle omsynssoner skal skildrast i planomtalen og visast på plankartet med tilhøyrande føresegner i reguleringsplan.
4. Planprogrammet må vise til at det bare er søknad om samtykke til bygging som skal på offentleg ettersyn, og ikkje søknad om samtykke til drift.

Direktoratet for mineralforvaltning, 25.08.2023

1. Planendringa inkluderer areal som ikkje inngår i gjeldande reguleringsplan eller er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Dersom det skal drivast uttak av massar innafor det utvida arealet, er utvidinga stor nok til at det kan takast ut meir enn 2 millionar m³ massar og det må vurderast om planen skal utgreiast etter vedlegg I punkt 19, jf. forskrift om KU.
2. Konsekvensutgreiinga som skal gjerast i samband med planendringa må ta utgangspunkt i konsekvensutgreiinga i den gjeldande reguleringsplanen.
3. Rår til at område i gjeldande plan og i endra plan der det skal drivast uttak blir regulert til arealformålet råstoffutvinning, og at det vert knytt til ei føresegn til arealformålet råstoffutvinning på fylgjande/ tilsvarande måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til næringsformål».
4. Reguleringsplanen skal ikkje legge føringar for sjølvle drifta, men reguleringsføresegna kan definere ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk.
5. Samla uttak på meir enn 10 000 m³ masse krev konsesjon før drift kan startast jf. minerallova § 43. Søknad om konsesjon skal sendast til DMF. DMF viser til at dette ikkje er fylgt opp i samband med uttak etter gjeldande reguleringsplan.

6. Plandokumenter bør inneholde informasjon om geologiske strukturer som oppsprekingsgrad og ev. diskontinuiteter dersom det er relevant for utforming av uttaksområde.
7. Plandokumenter bør gjøre greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stades ved å estimere totalt uttaksvolum, skildre antatt årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.
8. Føresegna må sette krav til at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra. Dersom naudsynt må det leggest opp til skjerming av sjølve uttaksområdet.
9. Innsyn frå bustader og ferdselsårer bør ein unngå der dette er mogleg. Ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og støv, og i tillegg ha estetisk funksjon. Det skal ikkje skje uttak i område som er regulert til skjermingstiltak, dvs. at skjermingstiltak skal leggest ved sidan av uttaksområdet.
10. Reguleringsplanen må sette av nok areal til sikrings- og skjermingstiltak og for tilsyn og vedlikehald av desse.

Norges vassdrags- og energidirektorat, 07.08.2023

NVE har kome med ei generell tilbakemelding. Dersom dei vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar så kjem dei med ei konkret tilbakemelding

Avinor, 28.08.2023

Etablering av industriområde i Skipavika vil ikkje ha nokon negative påverkingar på Avinor sine tekniske system, verken på radionavigasjons-, kommunikasjons- eller overvakingsanlegg.

Statens vegvesen, 31.08.2023

1. Legg til grunn at verknadane planløyisingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing.
2. Utforming av offentleg veg, inkludert kryss og avkøyrslar skal vere i tråd med krava i vegnormalane, inkludert N100 Veg- og gateutforming. Val av løysingar for kryss mot offentleg veg må ta høgde for generell trafikkauke langs det offentlege vegnettet, eksisterande trafikk og den trafikken reguleringsplanen legg til rette for.
 - a) Oppmodar til at også private internvegar vert planlagde etter vegnormalane.
 - b) Legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgekrav som sikrar at løysingar for trafikktryggleik og tilkomst m.m., vert gjennomført i samband med den utbygginga planen legg til rette for.

c) Legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikktryggleik og framkome på fylkesveg 5582 skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.

d) Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklart med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Plankart bør vise målsette byggegrenser, siktlinjer/siktsoner. Desse må også vere forankra i føresegner.

Statsforvaltaren, 06.09.2023

1. Viser til at deler av området ikkje er i samsvar med overordna plan, at reguleringsplanen er venta å få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og at dette arealet må utgreiast jf. Dei reglane som ligg til plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing.

2. Viser til at opplysning i meldingsbrevet er i strid med meklingsresultatet i 2016, som seier at Fv. 5582 skal vere stengd for gjennomkøyring, og at dette no vert endra.

3. Omsynssonene bør leggest inn uavhengig av industriområdet slik at vegen definerer plangrensa for industriområdet, dersom mogleg. Utvida planområde kan ikkje inkluderer arealet vest for industriområdet.

4. Stiller spørsmål ved at «planarbeidet ikkje utløyser plikt for konsekvensutgreiing utover temaet «forureining – luft, vatn, grunn og støy» og at tiltaket ikkje får direkte konsekvensar for naturverdiar (ref. planprogrammet).

5. Viser til at tiltaket har verknadar både praktisk, visuelt og risikomessig langt utover sjølve arealbeslaget under tiltaket og vil klart kunne få vesentlege merknadar for miljø og samfunn, og at eit stort ammoniakkslepp vil kunne nå inntil 10 000 meter og omfatte innseglinga av Fensfjorden, industriområda Mongstad og Sløvåg, fleire bygder og lokalsamfunn.

6. Viser til at utgreiingane til gjeldande plan ikkje tek utgangspunkt i planlagt arealbruk, og at KU til planarbeidet må legge avgjerdsrelevant kunnskap og informasjon slik at det vert mogleg å ta stilling til om planen kan gjennomførast, og eventuelt på kva vilkår. Det må gjerast ei ny vurdering av i kva grad planarbeidet utløyser KU-plikt for tema: beredskap og ulukkesrisiko, folkehelse, naturmangfald, kulturlandskap og landskap (nær og fjernverknad).

a) Ny oppdatert kunnskap skal leggest til grunn for konsekvensutgreiinga og planarbeidet, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.

b) Verknaden for nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål må gjerast greie for, jf. KU-forskrifta § 21.

c) Usikkerheit og kunnskapsmanglar som kan påverke samanstillinga av informasjonen skal gjerast greie for, jf. KU-forskrifta § 22.

d) Samfunnsnyttan av prosjektet må synleggjerast i avgjerdsgrunnlaget. Det må skildrast kva tiltak som er planlagt for «å unngå, avgrense, sette i stand og om mogleg kompensere for vesentlege skadeverkingar for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen» jf. KU-forskrifta § 23.

7. Kommunen må ta aktivt stilling til om det er ønskjeleg med eit slikt anlegg i området, og til om kommunen vil akseptere potensiell risiko opp mot innbyggjarane og omkringliggjande verdiar og interesser.

8. Det må gjerast alternative vurderingar og vurderingar kring eventuelle avbøtande tiltak.

9. ROS-analysen må avklare om arealet er eigna til planlagt føremål. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene. Minner om at verksemdsbasert risiko / sårbarheit og viljestyrte hendingar og må vurderast som del av ROS-analysen. ROS-analysen må ta høgde for mogelege domino/kaskadeeffektar. Til dette ligg òg ei vurdering av viljestyrte hendingar (terror/sabotasje).

10. Tiltaket er underlagt reglane i storulykkeforskrifta. Sjølv om DSB ev. gjev samtykke til etablering, så er det kommunen som er arealplanmyndigheit og som må gjere naudsynte vurderingar og tiltak knytt til arealmessige avgrensingar rundt eit slikt anlegg/industriområde. Ved ei eventuell større uønskt hending som involverer ammoniakk kan det vere behov for å opprette store sikkerheitsavstandar på opp til 10000 meter.

11. Kommunen må gjere grundige vurderingar av om arealet er eigna til føremålet, òg i eit tryggleiksperspektiv samt ta aktivt stilling til spørsmålet om kva som er akseptabel risiko og vere medviten på kva følgjekonsekvensar ei slik etablering vil kunne medføre for krav til kommunens eigen beredskap.

12. Kompetanse og forsikringsdekning skal dokumenterast som del av ROS-analysen. Berre føretak med naudsynt (spiss-)kompetanse på respektive utgreiingstema (t.d. skred, flaum, brann, eksplosjon, gass, osb.) kan utføre ROS-analyse. Tilsvarende kompetanse krav bør ligge til grunn òg for andre analysetema dersom det ikkje ligg føre andre og strengare krav knytt til dei einskilde utgreiingstema. Utførande føretak må ha forsikring(ar) som dekkjer eventuelt erstatningsansvar som følgje av feil/manglar med den utførte risikovurderinga.

13. Ansvarleg instans må ta stilling til kva som er akseptabel risiko, ref. ansvarsprinsippet.

14. Kommunen må sikre at ein gjennom føresegnene har kontroll med risiko og sårbarheit i eller rundt planområdet også framtida, t.d. ved framtidige endringar i risikobilete som følgje av endringar i planområdet som t.d. nye bygg og anlegg, nye verksemdar/aktivitetar. Det er viktig å vurdere samla risiko i området.

15. Skipavika står på kandidatlista til frivillig vern, og planarbeidet må gjere greie for korleis produksjon av ammoniakk vil kunne kombinerast med skjøtsel av lyng (lyngbrenning). Verknadane av endra arealbruk må konsekvensutgreiast og det må vurderast om arealbruken vil legge føringar på vidare utvikling (jf. sikringssoner) og ev. presse anna industri inn i lyngheia mot nord i framtida.

16. Konsekvensutgreiingsarbeidet må hente inn oppdatert kunnskap kring verknadar for naturmangfald.

17. Massehandtering skal vurderast i tråd med ressurspyramiden, der deponi er siste utveg. Det må gå fram av dokumenta om planen fører til masseoverskot/masseunderskot, og om det er vurdert plangrep som balanserer dette. Det er ikkje tilstrekkeleg om planen legg føringar for at massehandteringa skal avklarast som del av framtidige driftsplanar, massehandteringsplanar, situasjonsplanar eller ved byggesak.

a) Reduksjon av transport/transportavstandar må vere eit tema.

b) KU/ROS bør vere tilstrekkeleg opplyst kring temaet massehandtering.

c) Ved utfylling i sjø må det gjerast greie for kva type massar som skal nyttast, kor mykje ein vurderer å fylle og moglege avbøtande tiltak.

d) Det bør òg synleggjerast korleis planframlegget held seg til anna lovverk (til dømes forureiningslova, forureiningsforskrifta, naturmangfaldlova).

e) Dumping av massar i sjø krev løyve frå Statsforvalteren.

f) Dersom det er aktuelt med stor omdisponering av massar internt, eller mottak/mellomlagring/lokal tilarbeiding/ bortkøyring av massar, bør det utarbeidast ein massehandteringsplan.

18. Oppmodar om at det vert henta inn synspunkt frå ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing, og at barn og unge sin representant i Gulen kommune blir gjort kjent med planarbeidet.

19. Oppmodar om at planprogrammet vert tatt opp til drøfting i regionalt planforum før fastsetjing, jf. plan- og bygningslova § 5-3. Syner til «rettleiar om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova, 2021» s 18.

20. Legg til grunn at merknadane vert følgt opp i det vidare arbeidet, og stiller seg positive til vidare dialog.

Vestland fylkeskommune, 08.09.2023

Vestland fylkeskommune viser til at føremålet i hovudsak er i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring, og at gjeldande kommuneplan ikkje legg restriksjonar på arealbruk i næringsområdet i Skipavika. Viser til at planendringa ikkje vil få vesentleg påverknad på fylkesvegnettet.

Infrastruktur og veg hos fylkeskommunen er eigar av gnr./bnr. 79/52, og driftar vegen som skal omklassifiserast til fylkesveg. Omklassifiseringssaka vil ikkje ha noko påverknad på reguleringsendringa.

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på vidareføring av eksisterande veg og avkøyrsløse med tilhøyrande målsette siktsonar, og at det gjerast ein korrigerert plassering i plankart på den eine avkøyrsla. Fylkeskommunen legg til grunn av

eksisterande veginfrastruktur vert vidareført utan endringar og at fylkesvegen enten hamnar i midtre eller ytre omsynssone.

Saksvurdering og konklusjon

Planprogrammet er justert i innkomne merknader i den grad det er mogleg på noverande tidspunkt. Endringar som er gjort etter 1. gongs høyring og offentleg ettersyn er:

- Tabell 4, side 20: oppdatert med informasjon om aure i Storevatnet.
- Punkt 2.4, side 27: oppdatert med at ROS-analysen vil bli utarbeida etter pbl § 4-3, som også vil ta føre seg kaskadeeffektar og viljestyrte hendingar.
- Punkt 2.4, side 27: det er presisert at ROS-analysen og anna utredningsarbeid vert utarbeida av rett kompetanse, og at nødvendig forsikringsdekning vil bli dokumentert.
- Punkt 2.4, side 28: viser til konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.
- Punkt 2.4, side 28: viser til konsekvensutgreiingsforskrifta § 23.
- Punkt 5.4, side 34: oppdatert med at det bare er søknad om samtykke til bygging som skal på offentleg ettersyn, og ikkje søknad om samtykke til drift.

Vidare vil merknader takast omsyn til i vidare planarbeid og konsekvensutgreiing.

I samband med den vidare planprosessen skal det utarbeidast både ei risiko- og sårbarheitsanalyse og ei konsekvensutgreiing, som saman vil gje eit heilskapleg bilde av risiko og farenivå. Desse analysane vil vise konsekvensar for omliggande naturområde og for livskvaliteten til naboar og Sandebygda.

Innspela som gjeld avgrensing av arealformål og vegtrase vert tatt med i det vidare planarbeidet, for vurdering. Det er for tidleg å svare ut desse spørsmåla før det er utført fleire utgreiingar.

Det vart gjennomført informasjonsmøte 14.09.2023. Vidare i planprosessen skal det bli gjennomført fleire informasjonsmøte/folkemøte med innbyggjarane. Det kallast inn til møte i regionalt planforum dersom ein ser behovet for det. Dette vil gjennomførast når utgreiingsarbeidet er kome lenger, og utrekninga av faresonene er ferdig. Det er derfor ikkje avklart kva eigedomar som vert råka av faresoner og/eller restriksjonar. Risiko for barn og trafikk er vurderingstema som inngår i det vidare planarbeidet.

Det skal ikkje drivast uttak av massar i det utvida planområdet, berre innafor det eksisterande planområdet og i all hovudsak i sørleg del av planområdet (som har næringsføremål i gjeldande kommuneplan). Det skal heller ikkje gjennomførast tiltak i det utvida området. Det utvida arealet er teke med for å sikre nok areal til omsynssoner, dvs. sikkerheitssoner rundt sjølve ammoniakkanlegget. Planendringa er med denne bakgrunnen, og som gjort greie for i planprogrammet, ikkje omfatta av vedlegg I punkt 19 i KU-forskrifta.

Planprogrammet vil bli sendt til dei som gav innspel til planprogrammet.

Når planprogrammet er vedtek, så kan arbeidet med utarbeidinga av reguleringsplanforslaget starte. Etter dette vil kommunen få planforslaget til gjennomsyn før 1. gongs behandling og offentleg ettersyn. I det vidare planarbeidet skal konsekvensar for miljø og samfunn utgreiast, og behov for avbøtande tiltak skal vurderast. Vidare planarbeid vil gi betre oversikt over konsekvensar av tiltaka, og eit betre kunnskapsgrunnlag for å vurdere den vidare prosessen. Under føresetnad av at viktige omsyn vert tilstrekkeleg utgreidd og avbøtande tiltak sett i verk dersom det er naudsynt, er kommunen positiv til utvikling av næringsverksemd i området. Administrasjonen tilrår å godkjenne planprogrammet.

Saka stettar fleire at dei mål som gjeld i samfunnsplanen. Utgreiingane skal ta høgde for at dei reguleringsmessige endringane skjer i tråd med desse målsetnadane:

- *«Gulen kommune skal bidra til at aktører i Gulen-samfunnet kan koordinere sitt virke til beste for innbyggjarane «*
- *«Gulen kommune skal bidra til å sikre fremtidige generasjonar ved å vere oppdatert på nyaste kunnskap og kutte utslepp i tråd med nasjonale ambisjonar innan 2030 og 2050» , og*
- *«Gulen kommune skal vere ein attraktiv vertskommune for næringslivet og bidra til å utvikle eit aktivt og nytenkande næringsliv*

Reguleringsarbeidet i seg sjølve, er del av den ordinære tenesteleveransen frå kommunen, med tilrettelegging av areal og regulering av kva areal kan disponerast til. Realisering av det føremål som reguleringsendringa legg til rette for, vil ha ein positiv effekt for samla økonomi til kommunen.

Kommunedirektøren si innstilling til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-9 godkjenner Gulen kommune planprogram for reguleringsplan for Skipavika Næringspark gnr. 79, bnr. 47, 53, 54, 1, 33 og 36 Sande.

Vedlegg

- 1 Planprogram v2_24.11.2023
- 2 Merknadsskjema_24.11.2023
- 3 Innspill_private
- 4 Innspill_offenlige

